





# Evalueringsprogram 2009-2011



**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
Pb 8034 Dep, 0030 Oslo  
Ruseløkkveien 26, Oslo, Norway

Telefon: 22 24 20 30  
Fax: 22 24 20 31

Foto frå Aust-Timor: Ken Opprann  
Design: Agendum See Design  
Trykk: Lobo Media AS, Oslo  
ISBN: 978-82-7548-452-7

## Evalueringsprogram 2009-2011

Det rullerande evalueringsprogrammet tar utgangspunkt i Evalueringsavdelinga sin evalueringspolitikk fram til 2010. Val av evalueringsobjekt blir gjort ut frå kriteria om at stønaden skal vere vesentleg, ha eigenart eller innebere særleg risiko.

Det går fleire linjer gjennom programmet. Avdelinga tar sikte på å dekke hovuddelane av O3-budsjettet med evalueringar over ein periode på fire–fem år. I 2006-2008 vart det lagt vekt på humanitær bistand, frå 2007 til 2009 stod norsk fredsengasjement sentralt i programmet og i 2009-2010 blir det lagt vekt på å evaluere bistand til å fremje menneskerettane.

Evalueringsavdelinga tar sikte på å ha gåande ei geografisk retta evaluering – til vanleg vil denne omfatte all bistand til eitt land – til ei kvar tid. I 2009-2010 er det stønaden til Vest-Balkan som blir evaluert. I 2010 planlegg vi ei landevaluering av bistanden vår til Aust-Timor saman med Verdsbanken og eventuelt andre givarar. Evaluering av innsatsen i Afghanistan saman med Sverige og eventuelt andre står på planen for 2011.

Som svar på Rattsø-utvalet si påpeiking av at det har vore for lite resultatevaluering av norske frivillige organisasjonars arbeid, har vi hittil evaluert slike organisasjonars arbeid i Guatemala og Nord-Uganda. Vi vil i 2010 gå ned på prosjektnivå for å kartleggje resultat av utvalde representative prosjekt og program i austafrikanske land.

Vi held også fram med sektorevalueringar. I 2009-2010 blir norsk bistand til privat sektor evaluert, og for 2011 set vi opp landbrukssektoren. Vi er og blitt meir systematiske på å evaluere øyremerkte bidrag gjennom multilaterale organ. I 2009-2010 vil vi evaluere bistand til demokratiltak gjennom FN-organisasjonar, og 2010-2011 vil vi ta for oss utdanningsbistanden gjennom multilaterale organ.

Til sist vil vi trekkje fram fleire evalueringar innafor demokrati og styresett. Ei fleirgivarvaluering av program for å styrke folks stemmer og styresmaktens ansvar (voice & accountability) vart lagt fram våren 2009. Ein rapport om Norsk Senter for Demokratistøtte og ein annan om stønad til lovgivande forsamlingar blir lagde fram hausten 2009. Og ei større evaluering av norsk øyremerkt stønad til demokratiltak gjennom FN startar altså opp hausten 2009.

Det kan gjerast endringar i programmet dersom nye behov kjem til. Det kan komme nye ønske om evaluering som endrar tidsrammene. Gjennomføringa vil til

ei kvar tid vere avhengig av tilgjengelege ressursar. Månadleg oppdatering av planlagde og pågåande evalueringsprosjekt finn du på nettsida [www.norad.no/evaluering](http://www.norad.no/evaluering).

## Prosjekt som er i gang

### ***Norsk fredsinnsats på Haiti***

Evalueringa tar for seg norsk støtte til førebygging av konflikt og støtte til fredstiltak på Haiti. Prosjektet vil også vere ei utprøving av utkastet til DAC-rettleiaren for evaluering av fredsbygging og konfliktførebygging, som Evalueringsavdelinga har hatt eit hovudansvar for i DACs evalueringsnettverk.

Konsulentfirmaet Le Groupe-Conseil Baastel fikk oppdraget. Rapport november 2009.  
Ansvarleg: Beate Bull

### ***Evaluering av NUFU og NOMA***

Føremålet med å evaluere Norads masterprogram (NOMA) og Nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU) er å vurdere resultatene i høve til dei måla som er sett for desse to programma.

COWI DK gjennomfører evalueringa. Rapport desember 2009.

Ansvarleg: Sigurd Endresen

### ***Evaluering av Norsk Senter for Demokratistøtte (NDS)***

NDS er nylig blitt nedlagt av Utanriksdepartementet. Evalueringa vil vurdere resultatene av det arbeid NDS har utført dei siste seks-sju åra. Prosjektet vil også vurdere andre lands ordningar for å støtte politiske parti i utviklingsland. På grunnlag av dette skal ein trekkje slutningar om korleis samarbeidet mellom politiske parti i Norge og i samarbeidsland i sør kan organiserast for å fremje demokratisk utvikling og frie val. NIBR har fått oppdraget. Rapport desember 2009.

Ansvarleg: Eirik G. Jansen

### ***Norsk Folkehjelps mineryddingsprogram***

Noreg var ein sentral aktør i opprettinga av Minekonvensjonen i 1997. Norsk Folkehjelp, som er ein av dei leiande humanitære mineryddingsorganisasjonane internasjonalt, er ein viktig samarbeidspartnar for norske styresmakter i arbeidet med å følge opp konvensjonen. Norsk Folkehjelp er den mineryddingsorganisasjonen som har mottatt mest støtte frå norske styresmakter. Evalueringa kan gi viktig kunnskap for seinare innsats innan dette feltet.

COWI DK gjennomfører evalueringa. Rapport desember 2009.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

### ***Kunnskapsoversikt for støtte til lovgivande forsamlingar***

Noreg og andre givarar gir støtte til lovgivande forsamlingar i utviklingsland som eit ledd i å styrke styresett og demokrati, men det eksisterer lite samla kunnskap om effekten av denne type bistand. Studien vil kartlegge norsk innsats på feltet samt norske og internasjonale erfaringar med denne type støtte.

CMI gjennomfører studien. Rapport desember 2009.

Ansvarleg: Beate Bull

### ***Evaluering av norsk bistand til næringsutvikling***

Næringsutvikling har komme meir i fokus i utviklingsdebatten den siste tida. Det er behov for å få eit betre grunnlag for å vurdere korleis bistand kan bidra til næringsliv og produksjon i utviklingsland. Evalueringa vil konsentrere seg om nokre av støtteordningane for næringslivet i norsk bistand. Det svenske firmaet DevFin Advisers fekk oppdraget i juni 2009. Rapport april 2010.

Ansvarleg: Jon Teigland

### ***Strategiar og tilnærmingar i arbeidet mot korrupsjon***

Evalueringa blir gjort i samarbeid med DFID (Storbritannia), Den asiatiske utviklingsbanken, Sida (Sverige), the Swedish Agency for Development Cooperation (SADEV) og Danida (Danmark), under leiing av Norad. Det vart gjennomført ei forstudie i 2008. Evalueringa vil særleg konsentrere seg om korleis givarane har planlagt og gjennomført si støtte til anti-korrupsjonsarbeid, med feltstudiar i fem land. ITAD vil gjennomføre evalueringa. Rapport oktober 2010.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

### ***Evaluering av norsk bistand til Vest-Balkan (tidlegare Jugoslavia)***

Landa i det tidlegare Jugoslavia mottok 600 mill kroner i 2007. Det har ikkje vore gjennomført noko omfattande evaluering av denne bistanden, og omfanget tilseier at det bør gjerast. Hovudføremålet er å dokumentere resultat av den norske bistanden over ein viss periode. Ei evaluering vil også kunne få fram nyttige erfaringar når det gjeld humanitær hjelp og utviklingssamarbeid i ein overgangsfase. Feltarbeid i Bosnia-Herzegovina, Serbia og Kosovo. Scanteam har fått kontrakt på oppdraget. Rapport mai 2010.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

### ***Evaluering av fredsbygging og konfliktforebygging i Sør-Sudan***

Nederland har tatt initiativ til ei evaluering av fredsinnnsatsen i Sør-Sudan dei siste åra. Evalueringsavdelinga er partner i denne studien, som blir gjennomført i 2009.

Ansvarleg: Beate Bull

### ***Følgjeevaluering av det norske klima- og skogprosjektet***

Denne evalueringa blir etablert som eit omfattande evalueringsprogram over fire år. Føremålet er å bruke tilgjengeleg evidens til å skaffe kunnskap om resultatet av initiativet på ulike nivå, med vekt på kostnadseffektivitet og måloppnåing. "Lessons learnt" vil stå sentralt. Programmet vil bestå av studiar og enkeltevalueringar innafør eit heilskapleg program.

Programmet vart lagt på anbod i november 2009.

Ansvarleg: Jørn Stave

### ***Samarbeidsavtalen med Verdsbanken***

- Evaluering av Verdsbankens politikk for sosiale og miljørelaterte standardar (1999 – 2008)
- Evalueringa Verdsbankens bistand til vekst og produktivitet i landbruket
- Studie av Verdsbankens analysar av verknader på sosiale forhold og fattigdom (Poverty and Social Impact Analysis)

Ansvarleg: Balbir Singh

### **Samarbeidsavtalen med UNDP**

- Evaluering av UNDPs bidrag til miljøforvaltning for fattigdomsreduksjon (The nexus between poverty and environment)
- Landstudier (resultatvurdering) av UNDPs bistand til Uganda og Zambia

Ansvarleg: Beate Bull

### **Planlagt oppstart hausten 2009**

#### ***Den internasjonale migrasjonsorganisasjonen IOMs innsats mot menneskehandel***

UD og Norad ønsker å få evaluert IOMs arbeid mot menneskehandel. På dette området er organisasjonen den klart største partnern for Norge.

Norad og UD har tidlegare gjort ei kartlegging av internasjonale trendar på område og ein gjennomgang av dokumentasjon som gjeld norsk innsats mot menneskehandel. Evalueringa vil bli lagt ut på anbod før nyttår.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

#### ***Forskningsprogrammet "Utviklingsveggar i Sør"/Bistandsforskning***

Det er tidlegare bestemt at dette forskningsprogrammet, som ble administrert av Noregs Forskningsråd, skal evaluerast. Evalueringa vil truleg konsentrere seg om bistandsforskning og ta med slik forskning også utanfor dette programmet. Anbudsutlysning er planlagt til før jul 2009.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

#### ***Evaluering av norsk bistand til å fremje menneskerettane***

Arbeid for menneskerettane er eit område som er blitt lite evaluert, og bør inkludert i programmet ut frå målet om å evaluere alle delar av utviklingssamarbeidet. Eit forslag er å evaluere bistanden gjennom Senter for menneskerettar. Det bør i så fall gjerast som ein del av breiare norsk innsats. Det er aktuelt å starte opp mot slutten av 2009.

Ansvarleg: Lise Bendiksen

#### ***Norsk bistand til demokrati gjennom FN-organisasjonar***

Ein stor del av norsk bistand på dette området blir kanalisert som øyremerkte midlar gjennom multilaterale organ, anten på globalt nivå eller i norske samarbeidsland. Denne evalueringa vil ha som føremål å vurdere relevans, kostnadseffektivitet og resultat av norske midlar som går gjennom den multilaterale kanalen. Evalueringsoppdraget vart lagt ut på anbod i oktober 2008.

Ansvarleg: Beate Bull

#### ***Verknadsevaluering av tidlegare langsiktig innsats***

Det vil bli gjennomført verknadsevaluering (impact evaluation) av to omfattande tidlegare norske bilaterale innsatsar. Det vil gjelde bistand til helsesektoren i Botswana og landbruk på Madagaskar. Det vil bli to oppdrag som blir utlyste tidleg i 2010.

Ansvarleg: Balbir Singh

### ***Bistand til barns rettigheter***

Sidas evalueringskontor har invitert Evalueringsavdelinga til å bli med på ei felles evaluering av våre to lands bistand til å fremje barn sine rettar. Retningslinjer og strategiar for slik støtte i Sverige og Norge vil vere utgangspunktet. Barns rettar i sårbare situasjonar, som under konflikhtar, kan bli eit hovudfokus. Oppstart haust 2009/vår 2010.

Ansvarleg: Anette Haug

### ***Budsjettstøtte i Tanzania***

Vi yter bidrag til ei landsstudie som er del av eit framhald av evaluering av budsjettstøtte, som er leia av Nederland.

Ansvarleg: Balbir Singh

### ***Under samarbeidsavtalen med UNDP***

- Evaluering av UNDPs bidrag til desentralisering og lokalstyre
- Landstudie (resultatvurdering) av UNDPs bistand til Indonesia

Ansvarleg: Beate Bull

## **Planlagt oppstart våren 2010**

### ***FNs pengebruk***

Det er eit ønske i UD å vite meir om ressursbruk og pengestraumar i FN-systemet, ikkje minst på bakgrunn av at ein så stor del av det norske utviklingsbudsjettet går gjennom FN. Det er ikkje mogleg for eitt medlemsland å gjennomføre djuptpløyande evaluering av FN, og ein slik studie må difor basere seg på offentleg tilgjengeleg informasjon. Oppdraget vil difor bli gjennomført som ein deskstudie med oppstart våren 2010.

Ansvarleg: Balbir Singh

### ***Evaluering av Transparency International***

Avdeling for fred, likestilling og demokrati i Norad har foreslått å evaluere Transparency International. Organisasjonen har ikkje vore evaluert av givarane tidlegare. Føremålet er å vurdere om organisasjonens mandat, organisering og forvaltning er relevant og fornuftig. Ei slik evaluering bør gjerast saman med andre givarar.

Ansvarleg: Eirik G. Jansen

### ***Landevaluering av bistand til Aust-Timor***

Verdsbanken har tatt initiativ til å gjere ei landstudie av bistanden til Aust-Timor saman med andre givarar. Blir fleire med, kan ein komme langt i å gjere dette til ein interessant studie fordi ein då også vil kunne vurdere bistanden gjennom ulike kanalar. Studien vil starte opp i første halvår 2010.

### ***Bruken og konsekvensane av godtgjering for deltaking på møte og seminar og liknande i bistanden***

Det har vore mykje søkjelys på dette dei seinare åra, men det er grunn til å tru at det finst relativt lite dokumentasjon. Det kan vere interessant å sjå nærmare på om dette er eit problem og kor stort det i så fall er. Det kan gjerast ved først å kartleg-

gje tilgjengeleg dokumentasjon i form av ein syntesestudie, deretter eventuelt å gjere eit par landstudiar.

Ansvarleg: Eirik G. Jansen

### ***Norske organisasjonars prosjekt i Aust-Afrika***

Som oppfølging av Rattsø-utvalet har Evalueringsavdelinga organisert evalueringar av norske frivillige organisasjonars innsats i Guatemala og Nord-Uganda. Som ei oppfølging planlegg vi nå ei evaluering på prosjektnivå. Vi vil då gjere eit representativt utval på 15–20 enkeltprosjekt for norske organisasjonar i Uganda, Tanzania og Kenya for å kartleggje verknadene på feltnivå.

Ansvarleg: Lise Bendiksen

### ***”Bistandsarkitekturen” sett nedafrå***

Ein studie for å få vite meir om korleis mangfaldet av bistandsorgan og pengestrau- mar ser ut frå mottakaren si side. Kan vere aktuelt å trekkje fram ein sektor og/eller eit distrikt i eit av dei norske samarbeidslanda.

Ansvarleg: Beate Bull

### ***Evaluering av oppfølging av Paris-erklæringa og Accra Agenda of Action***

Vi støttar denne evalueringa, men deltar ikkje i styringa av henne.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

### ***Strategi for Noregs kultur- og idrettssamarbeid med land i Sør***

Denne strategien, som vart lansert i 2005, og som gjeld for perioden 2006-2015, skal evaluerast i 2010.

Ansvarleg: Sigurd Endresen

## **Planlagt oppstart hausten 2010**

### ***Bistand til utdanning gjennom multilaterale kanalar***

Ein stor del av norsk bistand til grunnutdanning er øyremerkt bistand gjennom multilaterale organ, særleg Verdsbanken og Unicef. Det har lenge vore eit ønske om å ei grundig evaluering av denne innsatsen. Dersom vi avgrensar evalueringa til øyremerkete norske midlar, har vi mandat til å evaluere.

### ***Norsk bistand for å fremje funksjonshemma sine rettar***

Bistand både til styresmakter og til organisasjonar som arbeider med å betre situasjonen for funksjonshemma og sikre deira rettar har vore eit viktig element i norsk utviklingssamarbeid. Ein plan for arbeidet med menneske med funksjonshem- ming i norsk bistand vart vedtatt i 1999.

### ***Aga Khan-nettverket som partner i norsk utviklingssamarbeid***

Denne evalueringa er foreslått av ein ambassade. Aga Khan er ein organisasjon som får omfattande norsk stønad og opererer i mange land. Det vil vere interessant å vurdere organisasjonen både som dialogpartner og forvaltar av norsk bistand, ikkje minst ut frå at nettverket blir sett på som fagleg sterkt samanlikna med andre frivillige organisasjonar.



På grunn av den usikre situasjonen i Pakistan er denne evalueringa utsett frå 2009 til 2010.

Ansvarleg: Anette Haug

## **Planlagt for 2011**

### ***Evaluering av bistand til landbrukssektoren***

Landbrukssektoren kan vere aktuell som sektorevaluering i 2011. Bør i så fall også inkludere den multilaterale stønaden.

### ***Støtte til informasjon om bistand og utvikling***

Kan omfatte støtte til opplysningsverksemd om utviklingsland gjennom RORG, men også Norads, UDs og dei store frivillige bistandsorganisasjonane sitt informasjonsarbeid om bistand og utvikling.

### ***Evaluering av norsk (og evt. andre givarnasjonars) utviklingsinnsats i Afghanistan***

Bistanden til Afghanistan er svært omfattande både frå norsk og andre lands side, og inneber særlege utfordringar. Ein kan seie at dette utviklingssamarbeidet både er vesentleg, har eigenart og inneber stor risiko. Svensk Sida vil bli med på denne evalueringa, men kan først i 2011. Andre kan også bli inviterte til å bli med.

### ***Regjeringas initiativ for mødrer og barnehelse***

Denne satsinga tok til i 2007 og blir implementert både bilateralt, multilateralt og gjennom forskning og pådrivarverksemd. Ein kan sjå på både innretting og resultat.

### ***Resultatoppnåing innafor likestilling og kvinners rettar***

Dei evalueringane som tidlegare er gjorde, inkludert midtvegsgjennomgangen i år, har i hovudsak fokusert på apparat og prosess. Det er lite kunnskap og dokumentasjon på kva som skjer på landnivå. Fokus vil bli på resultat.





---

**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid

Postadresse

Pb 8034 Dep., 0030 OSLO

Besøksadresse

Ruseløkkveien 26, Oslo, Norway

Tel: 22 24 20 30

Fax: 22 24 20 31

Opplag: 400

[postmottak@norad.no](mailto:postmottak@norad.no)

[www.norad.no](http://www.norad.no)

